

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Avdeling for
Organisasjon og økonomi (ORO)

Dato	26.01.2023
Vår referanse	2023/29372-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Anita Fjellheim
E-post	Anita.Fjellheim@vlfk.no
Telefon	92805835

Fylkestingsvalet 2023 – informasjon fra Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune gler seg til å ta fatt på arbeidet med fylkestingsvalet 2023. Vi er glad for det korpset av dyktige valansvarlege som er ute i kommunane, og vi ser fram imot å arbeide med dykk.

I dette brevet er målet å:

- Introdusere oss som skal jobbe med val i fylkeskommunen
- Be om å få kontaktinformasjon til den som er valansvarleg i kommunen og litt informasjon om behova til kommunen
- Kort skissere kontaktpunkta mellom fylkeskommunen og kommunen i tida framover

Kven er vi?

I Vestland fylkeskommune er det Bertil Søfteland, leiar for juridisk seksjon, som er valansvarleg. Ingeborg Strandberg og Anita Fjellheim kjem til å gjere mykje av det praktiske arbeidet, og kjem i stor grad til å vere dei som har kontakt med dykk i kommunane.

Her er kontaktinformasjonen vår:

- Ingeborg Strandberg, mobil: 99 51 83 33, ingeborg.strandberg@vlfk.no
 - Ingeborg er prosjektleiar for valarbeidet i fylkeskommunen fram til 31. mars 2023. Før Ingeborg går ut av valarbeidet vil det vere ein ny prosjektleiar på plass.
- Anita Fjellheim, mobil: 92 80 58 35, anita.fjellheim@vlfk.no
 - Anita kjem til å jobbe med alle deler av valet, med særskilt fokus på det tekniske.
- Bertil Søfteland, mobil: 97 41 97 60, bertil.softeland@vlfk.no
 - Bertil har det overordna ansvaret for valet i fylkeskommunen.

Kven er du?

Vi ønskjer å ha god kontakt med dykk i kommunane, og treng på fleire tidspunkt tilbakemeldingar frå dykk eller å gi dykk informasjon. Difor er det viktig at vi har kontaktinformasjon til valansvarleg i kommunane, eller den som kjem til å ha det praktiske ansvaret.

Vi ber om at du som valansvarleg sendar ein e-post til Anita Fjellheim (anita.fjellheim@vlfk.no) med slik informasjon:

- Kommune og kommunenummer:
- Namn:
- Telefonnummer:
- E-post:
- Teljemåte for kommunen (skanning eller manuell teljing):
- Kor kommunen ønskjer å levere valmateriellet (Leikanger eller Bergen):

- Behov for esker (meir informasjon om dette lenger nede):
 - Tal på esker for 500 røystesetlar:
 - Tal på konvoluttar for 100 røystesetlar:

Korleis kjem vi til å ha kontakt?

Vi treng å ha nokre kontaktpunkt med dykk i kommunane for å sikre at både de og vi får den informasjonen vi treng, og for å sikre god kommunikasjon.

Her er ein kort oversikt over det vi veit til no:

- Januar: Første kontakt med kommunane – dette brevet
- Februar: Digitalt møtepunkt for kommunane
- April: Informasjon om bestilling av røystesetlar og esker – e-post
- Mai: Frist for bestilling av røystesetlar og esker – digitalt skjema
- Juni-august: Utsending av røystesetlar frå trykkeriet og esker
- Juli/august: Mottakar av røystesetlar meldar frå til oss om leveransen er godkjent - e-post
- August: Samling for valansvarlege med informasjon om levering av valmateriell - digitalt eller fysisk
- September: Levering av valmateriell (Leikanger eller Bergen) - fysisk
- September: Kontakt med valansvarleg ved spørsmål om valmateriellet – mobil eller e-post

Utsending av esker

Når fylkeskommunen skal telje røystesetlane er det naudsynt at røystesetlane er pakka i standardisert emballasje. Vi ønskjer difor å sende ut esker til dykk og ber om at valmateriellet til fylkestingsvalet vert pakka i desse. Som de kan sjå av informasjonen over er det tenkt at bestilling av desse skal skje omtrent samtidig med bestilling av røystesetlar og vert sendt ut i same tidsperiode.

Vi ber i dette brevet om informasjon om kva tal på esker/konvoluttar som de treng. Hugs på at kvar teljekategori (og eventuelt krets) skal pakkast for seg når du tenkjer gjennom talet. Denne informasjon er berre til vår planlegging, og er ikkje den endelige bestillinga. Informasjon om bestilling kjem i april. Merk at de ikkje får nokre kostnadars ved bestilling av esker.

Digitale møtepunkt for kommunane

Vi ønskjer å legge til rette for eit møtepunkt for valansvarlege i kommunane. Målet med møtepunktet er utveksling av erfaring og ein plass til å ta opp spørsmål med andre som sitt med dei same oppgåva og utfordringane. Med så mange dyktige valansvarlege i fylkeskommunen er vi sikker på at det vil vere nokon som kan hjelpe. Vi kjem til å ha informasjon om listeforslag, røystesetlar og innlevering av valmateriell. Men om det er spørsmål som ingen kan svare vil vi kunne samle dei saman og sende inn til valdirektoratet.

Det er heilt frivillig for dykk å delta på slike møtepunkt, men vi har stor tru på at det vil vere nyttig. Og om du sjølv ikkje ser nytta av det med ein gong, så tenk på at det vil vere til stor hjelp for den nye valansvarlege i nabokommunen som sitt med oppgåvane for første gong at du bidreg med din kompetanse. Her er ein moglegheit til å hjelpe kvarandre.

Vi kjem til å sette opp to møtepunkt, eit for dei største kommunane og eit for dei minste. På den måten kan ein diskutere liknande utfordringar. Vi tek gjerne imot innspel på inndelinga. Sjå nedst i e-posten kva gruppe din kommune høyrar til.

- Gruppe 1: Måndag 6. februar, kl. 13:00-15:00

- Microsoft Teams-møte

Bli med fra datamaskinen, mobilappen eller romenheten

Klikk her for å bli med i møtet

Møte-ID: 391 014 793 638

Passord: KCsDrS

Last ned Teams | Join on the web

Bli med på en videokonferansehett

teams@vifk.no

Videokonferanse-ID: 128 950 893 5

Alternative VTC-instruksjonar

Finn ut mer | Hjelpe | Møtealternativer

- Gruppe 2: Tysdag 7. februar, kl. 13:00-15:00

- Microsoft Teams-møte

Bli med fra datamaskinen, mobilappen eller romenheten
[Klikk her for å bli med i møtet](#)
 Møte-ID: 322 739 465 86
 Passord: 2W5Nj6
[Last ned Teams](#) | [Join on the web](#)
 Bli med på en videokonferanseenhet
 teams@vfk.no
 Videokonferanse-ID: 129 026 103 3
[Alternative VTC-instruksjoner](#)
[Finn ut mer!](#) | [Hjelp!](#) | [Møtealternativer](#)

Agenda vil vere:

- 13:00-14:00 Status i kommunane: Kvar kommune får tre minutt. Ta opp eventuelle spørsmål ein ønskjer å diskutere i plenum.
- 14:00-14:10 Informasjon frå fylkeskommunen
- 14:10-14:50 Spørsmåla frå kommunane vert diskutert i plenum
- 14:50-15:00 Var dette nyttig? Er det ønskjeleg med fleire slike digitale møtepunkt?

Levering av valmateriell

Vi kjem til å ha mottak av valmateriell på Hermansverk (Leikanger) og på Vestlandshuset i Bergen sentrum. Det er mogleg å levere valmateriellet på den staden som er mest hensiktssmessig for kvar kommune. Vi ber om å få tilbakemelding på kor din kommune ønskjer å levere valmateriellet no, om det er mogleg. Slik kan vi byrje å førebu oss og planlegge for mottaka.

Lukke til!

Då er det berre for oss å ønskje dykk lukke til vidare med arbeidet med fylkestingsvalet 2023. Om de har nokre spørsmål, bekymringar eller innspel er det berre å ta kontakt. Vi ser fram imot eit godt samarbeid med dykk i tida som kjem.

Gruppe 1

Etne
 Høyanger
 Vaksdal
 Bremanger
 Fitjar
 Askvoll
 Tysnes
 Fjaler
 Austrheim
 Vik
 Samnanger
 Gulen
 Lærdal
 Aurland
 Masfjorden
 Hyllestad
 Ulvik
 Eidfjord
 Solund
 Fedje
 Modalen

Gruppe 2

Bergen
 Øygarden
 Askøy

Alver
Bjørnafjorden
Sunnfjord
Stord
Kinn
Voss
Kvinnherad
Bømlo
Sogndal
Ullensvang
Stad
Kvam
Osterøy
Stryn
Gloppen
Sveio
Austevoll
Luster
Årdal

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift

Mottakarliste

Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN

Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN